

UiB sitt innspel til Fagleg råd for lærarutdanning: Arbeidet med ny felles rammeplan

Universitetet i Bergen (UiB) takkar for høvet til å gi innspel til det pågåande rammeplanarbeidet i regi av Fagleg råd for lærarutdanning (FRLU).

UiB har med interesse følgt arbeidet med meir overordna styring av lærarutdanningane. Internt har vi teke spørsmålet opp i fleire samanhengar: i programstyret, i styringsgruppa, i lærarutdanningsutval og på interne seminar. Dette konkrete innspelet er blitt lagt fram for og drøfta i UiBs styringsgruppa for lektorutdanning på møtet 20. mai.

Generelt om oppdraget FRLU har fått

Prinsipielt støttar UiB dei overordna måla for oppdraget slik det er formulert av Kunnskapsdepartementet i mandatet til FRLU. Vi er innforstått med at det skal eksistere ein rammeplan, som ein nasjonal standard for kvalitet i lærarutdanningane. Samtidig stiller vi oss bak målet om at rammeplanstyringa skal gjerast meir overordna og mindre detaljert. Vi er òg innforstått med og støttar innføringa av éin felles rammeplan for å markere profesjonsfellesskap og felles verdiar i lærarutdanningane. Vi ser vidare behovet for meir sjangermedvit rundt dei mange ulike styringstekstane som er knytte til lærarutdanningane.

Rammeplanarbeidet i denne såkalla tredje fasen byggjer på premissar frå dei tidlegare fasane (der sluttrapporten frå ekspertgruppa for styring av lærarutdanningane er særleg viktig). Dette gjer at rammeplanarbeidet følgjer eit logisk spor, og det er positivt.

UiB er generelt oppteken av at lærarutdanningane skal ha eit høgt fagleg nivå. Difor er vi urolege over politiske utspel der «akademisk» blir uttrykt som noko negativt for lærarutdanningar. Dei lærarutdanningane vi kjenner best, lektorutdanning og PPU, representerer ein fagleg styrke og bidreg til eit mangfald som er positivt for rekrutteringa til lærarutdanning og for kvaliteten i skulen. Såleis er vi opptekne av at desse kvalitetane blir tekne vare på. Dersom det i rammeplanen blir utforma underkapittel som kan bidra til å markere eigenarten og kvaliteten til utdanningane våre, er vi positive til det. Vi vil gjerne bidra vidare i prosessen til at det kan skje på ein best mogleg måte.

Tidsprosessen er uheldig. Den gjer at FRLU skal ta stilling til overordna struktur og oppdeling av underkapittel før ein skal ta stilling til innhaldet i felles rammeplan. Ein fagleg og utdanningspolitisk meir fruktbar framgangsmåte kunne vere å først ta utgangspunkt i felles mål og innhald for alle lærarutdanningar, før ein gjekk inn på underkapitla med sine strukturelle detaljspørsmål. Vi er samtidig merksam på at tidsprosessen ligg i oppdraget FRLU har fått frå Kunnskapsdepartementet. Det betyr at

ein i stor grad må ta utgangspunkt i dei premissane som ekspertgruppa har formulert i sin sluttrapport.

Fellesverdiar

Vi ser det som føremålstenleg at det i ein felles rammeplantekst blir formulert nokre fellesverdiar for lærarutdanningane, bl.a. for å markere ein profesjonsidentitet. Desse verdiane handlar mellom anna om at utdanningane skal bidra til å fremje demokrati, tillit, respekt og fellesskap på tvers av ulike grupper i samfunnet. På same måten bør det presiserast, i tråd med tilråding frå ekspertgruppa, at lærarutdanningar er basert på prinsipp om akademisk fridom og på tillit til forskning og fagleg kompetanse. Det ville ideelt sett ha vore naturleg å starte innspelsprosessen med å diskutere fellesverdiar, men vi går ut ifrå at det blir høve til å gå nærmare inn på spørsmåla seinare i prosessen.

Felleskompetansar

Dagens rammeplanar er utfordrande ved at dei har relativt mange og spesifikt formulerte læringsutbyttebeskrivingar. Det gir mindre rom for institusjonane sjølve når dei skal formulere sine programplanar. På den bakgrunnen støttar vi målet om å avløyse læringsutbytteformuleringar med ein ny sjanger av målformuleringar, at det blir færre av desse målformuleringane, og at dei er mest mogleg generiske. Det vil høve å plassere desse i underkapittel for å ta vare på eigenarten til ulike lærarutdanningar og dermed bidra til mangfaldet i sektoren.

Omfang av praksis

Det er fagleg føremålstenleg at det blir spesifisert nokre krav til omfanget av praksis i ulike typar lærarutdanningar. Det handlar om å etablere nasjonale minimums-standardar for kvalitet og for å gjere utdanninga gjennomslagskraftig innanfor og mellom UH-institusjonane. Det same vil vere tilfellet dersom det blir innført prinsipp om at praksis skal vere variert, ha progresjon og bli vurdert, slik tilfellet er i dag. Det er føremålstenleg at slike eventuelle krav blir formulerte i underkapitla, pga. ulikskapane mellom utdanningane.

Form og innhald i underkapittel

Krav til fordjuping: Med tanke på nasjonal standard og kvalitet er det føremålstenleg at underkapitla definerer krav til omfanget av pedagogikk, fagdidaktikk og disiplinfag som skal inngå i spesifikke lærarutdanningar. (I ekspertgruppa rapport er dette referert til som «krav til fordypning».)

Ekspertgruppa tilrår det såkalla fjerde alternativet i sin sluttrapport (s. 114f.), dvs. å ta utgangspunkt i lovverket for å kategorisere underkapittel. UiB stiller seg ikkje utan vidare negativ til det, og ser det som betre enn dei andre alternativa som er føreslått. Det er samtidig vanskeleg å ha ei tydeleg meining om oppdeling av underkapittel før vi

veit korleis fellesdelen av rammeplanen ser ut, og før vi har oversikt over alle implikasjonar av underkapitteloppdelingane.

For UiB sin del vil ei oppdeling av underkapittel etter kontekst, slik ekspertgruppe føreslår, bety at våre utdanningar, dvs. lektorutdanning 8–13 og PPU 8–13, vil kunne halde fram som no, men vil måtte forhalde seg til to ulike underkapittel (for ungdomsskulen og for vidaregåande skule). Det spørst kor *brukbare* slike underkapittel vil bli. Sjølv om konteksten for t.d. lektorutdanning og PPU er like ved at dei utdannar for det same skuleslaget, er dei ulike i oppbygging – den eine er eit integrert studium over fem år, medan den andre er eit påbyggingsstudium på eitt år, den eine har 100 dagar praksis, den andre har 60 dagar praksis. Likeins vil GLU-utdanninga 5–7 òg måtte forhalde seg til eitt av desse underkapitla (ungdomsskulen).

Når deg gjeld andre oppdelingsmåtar av underkapitla, vil vi åtvare imot sekkekatogoriar (t.d. ein sekkekategori for alle femårige integrerte lærarutdanningar). Vi er urolege for at GLU då vil bli premissleverandør for andre lærarutdanningar som fungerer tilfredsstillande. I den samanhengen vil vi poengtere dei funksjonelle skilnadene mellom lærarutdanningane, t.d. mellom lektorutdanning og GLU, og at desse skilnadene òg bør markerast gjennom namngivinga. Nemninga ‘lektorutdanning’ er i løpet av over 20 år blitt godt innarbeidd som utdanningskategori. Vi ønskjer at merkevara *lektorutdanning* blir vidareført og blir verna mot utvatning.

Nasjonale faglege standardar

Det er faglege og utdanningspolitiske dilemma dersom det skal bli langt friare for UH-institusjonane sjølve å definere kva trinn/kontekst deira utdanning skal kunne kvalifisere for. På den eine sida er det positivt med fleksibilitet og mangfald, og likeins ønskeleg med rom for institusjonelle satsingar og spesialiseringar. På den andre sida kan vi variasjonen bli så stor og lite gjennomsiiktig studentane, skulane og skuleeigarane ikkje klarer å halde oversikt over alle variantar av lærarutdanning. Dette er ein fare som det òg blir peikt på i sluttrapporten frå ekspertgruppa (s. 115). Det er dessutan ein fare for at fagleg kvalitet blir skadelidande dersom det ikkje er fastlagt tilstrekkelege faglege standardar for dei ulike utdanningane.